

Behovsoppgåve idrettsanlegg i Lindås Lindås idrettspark – krøllgrasbane og delanlegg friidrett

Namn	Type	Merknad
Lindås idrettspark	Krøllgrasbane og delanlegg friidrett	Anleggsnr 1263000806

Anlegget blei planlagt	2014
Anlegget søkte spelemidler	2016
Anleggsarbeid blei igangsatt	Vår 2015
Anlegget blei fullført	20.08.2015
Spelemidler utbetalt	

Lindåsbygda er eit av tre politisk vedtekne oppvekstsenter i Lindås kommune, og ei av dei største bygdene i kommunen. Lindås er ei etablert bygd som har dei fleste servicetilbod. Lindås ligg i tillegg berre 10 km frå Mongstad-raffineriet og Mongstad base, og er difor eit område kor det må forventast stor folkevekst i åra framover.

Lindås idrettspark ligg sentralt plassert i bygda, nær ungdomsskulen og barneskulen. Fleirbrukshall like ved er eigd og driven av Lindås kommune. Denne opna i 2012. Idrettsparken har i tillegg naturgrasbane eigd og driven av Lindås Idrettslag.

Dagens idrettsbane er ei grusbane av eldre dato. Bana er i dårleg stand, med store problem med drenering. Løpebane med rødstubb er på det nærmaste øydelagt. På grunn av klima, er brukstida på naturgrasbana begrensa. Ei ny krøllgrasbane vil difor bety mykje for idrettslaget, og vil i tillegg gje langt betre moglegheit for kroppsøving for begge skulane på dagtid. Idrettsparken med nærmiljøanlegg vil også vera viktig for uorganisert aktivitet.

Det er særleg gledeleg Lindås Idrettslag har vore pådrivar for opprusting av idrettsparken, og delaktig i prosessen undervegs. Idrettslaget og kommunen har allereie eit godt samarbeid for drift av fleirbrukshallen på kveldstid. Dette gir laget og bygda eit «eigarskapsforhold» til hallen, noko som kan vidareførast til anlegga utandørs. Idrettslaget har høgt medlemstal og stor aktivitet, noko som gir godt grunnlag for høg utnytting av dei nye anlegga som er planlagt i mange år framover. Dagleg drift og vedlikehald av anlegget vil bli ivaretatt av Lindås kommune.

Prosjektet Lindås idrettspark er tatt opp i Lindås Idrettsråd i fleire møte, og er omtalt i Lindås kommune sin idrettsplan.

